



Status og råd

Hovudsakleg basert på genetik, men også fetttsyrer og parasittfauna, har ICES konkludert med at det i Irmingerhavet søraust for Grønland er to bestandar av pelagisk snabeluer. Den eine bestanden lever hovudsakleg djupare enn 500 meter, og den andre, oseanisk snabeluer, grunnare enn 500 meter. I tillegg er det ein bestand på kontinentalsokkelen ved Island, som kan henge saman med snabeluer på kontinentalsokkelen ved Grønland. Dette kapitlet omhandlar dei pelagiske bestandane i Irmingerhavet. Sidan det er vanskeleg å forvalte og halde to pelagiske bestandar frå kvarandre på djupn, har ICES føreslått eit forvaltingsområde for den djupe bestanden i nordaust der dei tettaste og fiskelege førekommstane finst (sjå figur), mens førekommstane utanfor og særleg sørvest for dette området er dominert av den grunne bestanden. Det er vidare uklart om det finst ein eigen bestand på kontinentalsokkelen ved Aust-Grønland, eller om, og i kva grad, snabelueren her heng saman med dei andre bestandane. Uansett er yngel- og oppvekstområdet til den pelagiske snabelueren i Irmingerhavet å finne på sokkelen ved Aust-Grønland.

Resultat frå fleire tokt dei siste åtte åra har vist at mengda av pelagisk snabeluer i Irmingerhavet har blitt kraftig redusert i forhold til på 1990-talet. Den grunnaste bestanden, oseanisk snabeluer, er no minst, og resultat frå det akustiske toktet i 2013 viser ein bestand (vel 90 000 tonn) som er mindre enn 10 % av målingane på byrjinga av 1990-talet. Det er vanskelegare å måle den djupare bestanden med akustikk, og her må ein difor i større grad støtte seg på fangstrater med trål. Resultat frå slike målingar av den djupare bestanden sidan 1999 viser ein reduksjon også av denne bestanden der målinga i 2013 (kring 400 000 tonn) er den lågaste i tidsserien.

ICES har gitt råd om at det ikkje bør gå føre seg noko direkte fiske på den grunnaste bestanden, og at det må utformast ein internasjonal forvaltingsplan. For den djupaste bestanden har ICES tilrådd at det årleg inntil vidare ikkje blir fiska meir enn 20 000 tonn. Den nordaustatlantiske fiskerikommissjon (NEAFC) strevar med å få partane samde om både kvote og forvaltingsplan. ICES arbeider no med å utforme forslag til ein forvaltingsplan med brei fagleg semje. Planen vil truleg bli lagt fram for partane i løpet av våren 2014.

Fiskeri

Norske trålarar har fiska snabeluer i internasjonal farvatn i Irmingerhavet sørvest av Island sidan 1990. På det meste (1996) er det internasjonal totalt fiska 180 000 tonn, og opptil 19 nasjonar har delteke. Norske fiskarar har på det meste fiska vel 14 500 tonn (1992 og 1993). Offisiell fangststatistikk for 2012 viser ein totalfangst på 32 806 tonn av den djupe bestanden og berre 3 173 tonn av den grunne. Av dette var norsk fangst 3 361 tonn av den djupe bestanden. Førebels statistikk for 2013 viser ein total internasjonal rapportert fangst av pelagisk snabeluer på kring 45 000 tonn. Av dette fiska norske trålarar 2 979 tonn.

Alle partar bortsett frå Russland har blitt samde om ein nedtrappingsplan i fisket frå 2011 til 2014. Ifølgje denne planen skal det ikkje fiskast meir enn 26 000 tonn i 2013 og 20 000 tonn i 2014. Alt fiske skal gå føre seg i det nordaustlege området, dvs. forvaltingsområdet for den djupaste bestanden. Som eit vern i yngletida skal fisket ikkje starte før 10. mai. Vidare er partane samde om at all fangst til forskingsformål skal takast innanfor avtalt internasjonal totalkvote. Det er lagt opp til at kvart fartøy skal rapportere fangstane sine kvar veke inntil 75 % av totalkvoten er tatt, deretter skal det rapporterast dagleg. Det skal ikkje brukast trålposar med mindre maskevidde enn 100 mm. Partane er samde om å bruke same faktor på 1,70 for omrekning frå alle typar hovud- og bukkappa fiskevekt til rundvekt.

I IRMINGERHAVET

Pelagisk snabeluer – *Sebastes mentella* – Beaked redfish

Andre namn: Djuphavsuer, nebbuer, raudfisk

Familie: Scorpaenidae

Maks storleik: 50 cm og 1,3 kg

Levetid: Over 70 år

Leveområde: Irmingerhavet. Yngel- og oppvekstområde ved Grønland

Hovudgyteområde: Langs Reykjanesryggen

Gytetidspunkt: April

Føde: Dyreplankton først, sidan også liten blekksprut og fisk

Predatorar: Sjøpattedyr

Særtrekk: Lever heile sitt vaksne liv pelagisk i Irmingerhavet

Nøkkeltal:

KVOTERÅD 2014: Ikkje direkte fiske på den grunnaste bestanden. For den djupaste bestanden har ICES rådd til at det ikkje blir fiska meir enn 20 000 tonn. NEAFC (bortsett frå Russland) har blitt samde om ein kvote på 20 000 tonn.


TOTALFANGST 2013:

Internasjonal fangst: 45 000 tonn

Norsk fangst: 2 979 tonn

Fakta om bestanden:

Snabelueren i Irmingerhavet er samansett av to pelagiske bestandar som med ei viss overlapping i stor grad er åtskilde på djup. Den grunnaste lever på 100–500 meters djup, og den djupaste på 500–900 meters djup over eit botndjup på 1 500–3 000 meter. Oppvekstområdet for yngelen er på kontinentalsokkelen ved Grønland, og det er stort sett berre den kjønnsmodne delen av desse snabeluerbestandane som lever pelagisk ute i Irmingerhavet. På grunn av sein kjønnsmodning og langsam vekst, er bestandane svært følsame overfor haustingsgrad og fiske.



Oversikt over område der fisket føregjekk i 2013. Figuren viser grensene for det nordaustlege forvaltingsområdet (raud ramme). Fisket her føregår på 600–800 meters djup i april–juli. Fargane viser ulike fangstratar som tonn per kvadrat-nautisk mil. Kjelde: Hafranssóknastofnunin, Island.

*Distribution of the fishery in 2013, mainly on pelagic deep-sea *Sebastes mentella* in the northeastern area at 600–800 m depth in April–July. The scale given is tonnes per square nautical mile. The red box is the proposed Deep Pelagic Management Unit. Source: Marine Research Institute, Iceland.*